

## **Styremøte SFSG på Reset 14.10.2008 kl. 15.30**

Desse møtte:

Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Tom Idar Kvam, Lars Olav Vanberg og  
Eli Berge Ness

### **Sak 22/08 Referat og meldingar**

- Rovdyrutvalet for landbruket i Sogn og Fjordane har hatt møte med stortingspolitikarane frå fylket. Alle parti stilte, med unntak av Frp. Vil ha definisjon på kva som er streifdyr.
- Det blir arbeidd med å starte opp ei beredskapsgruppe som har kompetanse når det gjeld freda rovvilt. Dette vil bli eit fylkesjaktlag på ca. 15 personar som skal kursast. Desse personane skal vidare kunne kurse jegerar i lokalområde.
- Fjelldag i Holmedal. Halvar, Leif og Eli møtte. Godt frammøte, gode innlegg, bra opplegg. Astrid Sandvik snakka om beiteverdi av ulike planteslag, Jostein Kvåle snakka om beiting med geit. Demonstrasjon av gjetarhund og presentasjon av Framtidsretta Sauehald
- Utmarksdag på Befringstøylen. Margaret og Tom Idar møtte. Bra opplegg! Astrid Sandvik og Yngve Rekdal snakka om utnytting av utmarksbeite. Fokus på at 90% slepper dyra for seint på beite.
- Kurs for nye dommarar. Tom Idar og Lars Olav har vore på kurs.
- Fagmøte geit på Skei 15. oktober

### **Sak 23/08 Framtidsretta sauehald**

Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte for å oppsummere arbeidet så langt. Leif møtte for SFSG. Fylkesmannen v/Bjørn Harald Haugsvær stiller krav til SFSG om 50 namn på folk som vil auke opp og treng oppfølging. Han vil ha namna innan 31. desember om fylkesmannen framleis skal støtte prosjektet med midlar.

**Vedtak:** SFSG oppfordrar lokallaga til å vere med og opplyse om namn på folk som ønskjer å starte opp med sau eller auke buskapane. Det er viktig å satse på auken på 10 %, også innanfor buskapar.

### **Sak 24/08 Ullsekkar**

Halvar opplyste om at alle innkjøpte sekkar har gått ut av lager.

Det var opplyst frå Norilia at sekkane kosta 4,30 kr u/mva. På rekninga var prisen sett til 5,-kr utan mva.

Det er vidare eit problem at lokallaga ikkje får att mva. Bør lokallaga finne nokon som tek på seg jobben med levering av sekkar mot honorar?

**Vedtak:** SFSG ønskjer å halde fram ordninga med å kunne tinge sekkar frå Norilia komande år. Halvar er ansvarleg for å få til eit møte med Norilia for å ta opp prisendring frå tilbod til levering. Der skal ein også diskutere betre ordningar i høve mva. Ordninga med ullsekkar bør opp som tema under årsmøtet.

### **Sak 25/08 Leiarsamling**

Leiarsamlinga blir i år i samarbeid med Møre og Romsdal Sau og Geit. Vi er inviterte opp dit 30. oktober til 2. november, og MRSG set opp programmet.

**Vedtak:** Halvar og Eli tek mot påmeldingane. Dette gler vi oss til!

### **Sak 26/08 Arbeidsplan 2008**

Status så langt. Vi har gjennomført mykje av det som står på arbeidsplanen. Småfesamlinga vart avlyst pga. lite påmelding. Møterunde for sauekontrollen som vidareføring av dei tre møta sist arbeidsår, har det ikkje blitt tid til å ha så langt.

**Vedtak:** Programmet for småfesamlinga og sauekontrollmøte blir utsett til januar.

### **Sak 27/08 Høyringsutkast Krakksfjellet**

Verneframlegg for Krakksfjellet naturreservat i Solund er ute på høyring med svarfrist 01. november. Sogn og Fjordane Sau og Geit er oppsette som høyringsinstans, men utkastet har vore sendt feil. Halvar har teke kontakt med Solund Sau og Geit, som går mot at dette området skal vernast.

**Vedtak:** SFSG støttar Solund Sau og Geit i synet dei har på verneframlegget.

## **Sak 27/08 Høyringsutkast Regionalt miljøprogram 2009-2012**

Høyringsutkastet er lagt ut på sidene til Fylkesmannen. Svarfrist er sett til 24. oktober.

I høyringsutkastet er det lagt opp til at ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite blir fjerna.

Grunngjevinga for dette er at ein har fått ein auke i slikt tilskot over nasjonale midlar.

SFSG ser på dette som svært alvorleg. Auken i dei nasjonale midlane var mindre enn ein hadde venta, og det blir feil å bruke det som argument for å fjerne midlane i det regionale programmet. Det er få ting som har vore med å prege landskap og jordbruk i Sogn og Fjordane så mykje som bruk av utmarka.

**Vedtak:** Eli tek ansvar for å skrive ein uttale til høyringsutkastet til Regionalt miljøprogram. Uttalen skal sendast til resten av styret for merknader før den blir sendt Fylkesmannen. SFSG ser på dette som ei svært alvorleg sak som både har økonomiske konsekvensar, og som gjev negative signal til ei heil næring om viktigheita av arbeidet som blir gjort med å rydding av utmarkslandskap. Uttalen skal også sendast alle landbruksavdelinga i kommunane i fylket før høyringsfristen er ute.

Møtet slutt.

Ref. EBN